



FYLKESMANNEN I TELEMAR  
MILJØVERNAVDELINGA

STATENS HUS, 3708 SKIEN, TELEFON 35 58 61 51, TELEFAX 35 53 07 73

Anl.nr: 0817.0020.02  
Til.nr: 1999.354.T  
Lagt inn i F-basen 12.2.14 AH

KOPI

Indre Agder og Telemark Avfallsselskap DA  
3855 Treungen

DERES REF.

✓ VÅR REF. VED SVAR  
97/8253/ØAK/471.1 - 4

DATO 15 APR. 1999

## LØYVE TIL ETABLERING OG DRIFT AV MILJØSTASJON FOR AVFALL, STEMMEINDUSTRIOMRÅDE, DRANGEDAL KOMMUNE

Fylkesmannen syner til søknad av 26.10.98.

---

I medhald av forureiningslova § 11, jfr. §§ 16 og 29 gjev Fylkesmannen med dette løyve til etablering og drift av miljøstasjon for avfall på Stemmen industriområde, Drangedal kommune. I medhald av § 16 i forureiningslova vert løyvet gjeve på fastsette vilkår, jfr. vedlegg. Løyvet gjeld frå dags dato.

---

Løyvet gjeld etablering av miljøstasjon for mottak av ekstraavfall frå hushaldningar og mindre verksemdar. Løyvet gjeld mottak av inntil 350 tonn ekstraavfall pr. år.

Fylkesmannen har handsama søknaden på ein forenkla måte, jfr. § 7 i føresegnene om sakshandsaming etter forureiningslova. Løyvet vil bli etterkunnjort. Forenkla sakshandsaming i dette tilfellet må òg sjåast i samband med at anlegget skal handsamast etter plan- og bygningslova før tiltaket kan iverksetjast.

### Bakgrunn og grunngjeving:

Fylkesmannen har oppmoda om at det i kommunar som ikkje har eigen avfallsplass vert etablert anlegg for mottak og mellomlagring av ekstraavfall frå både hushaldningar og mindre verksemdar. Indre Agder og Telemark Avfallsselskap (IATA) søkjer i samsvar med dette om løyve til å etablere ein slik miljøstasjon på Stemmen industriområde i Drangedal kommune.

Fylkesmannen ser positivt på etablering av ein miljøstasjon, som vil vere med på å gje publikum og mindre verksemdar eit betre tilbod for levering av ekstraavfall og andre avfallsfraksjonar som miljøstasjonen kan ta i mot. Miljøstasjonen er eit godt tiltak for å hindre at avfall kjem på avveggar.

---

Embetsledelse	- Gjerpensgt. 20	* 35 58 61 10
Adm.avd.	- Gjerpensgt. 20	* 35 58 61 10
Komm.-og samordn.avd.	- Gjerpensgt. 20	* 35 58 61 10

Sos.-og familieavd.	- Gjerpensgt. 20	* 35 58 61 10
Beredskapsavd.	- Gjerpensgt. 20	* 35 58 61 10
Miljøvern avd.	- Gjerpensgt. 18	* 35 58 61 51
Landbruksavd.	- Gjerpensgt. 14	* 35 58 61 60

10.3330, 1.125 mada  
1.125, 1.111 mada  
1.125, 1.111 mada

Drangedal kommune har tidlegare handsama plan for etablering av miljøstasjon i kommunen, utan at endeleg vedtak om plassering blei fatta. Indre Agder og Telemark Avfallsselskap DA (IATA) utarbeida etter dette utkast til søknad, datert 18.08.98, som blei oversendt Drangedal kommune for handsaming. Drangedal kommune v/ teknisk etat gav sin uttale i brev av 01.10.98, og hadde ingen innvendingar mot planane. IATA søkte så Fylkesmannen i samsvar med dette om løyve til etablering av miljøstasjon, jfr. brev av 26.10.98.

Anlegget skal etablerast på Stemmen industriområde i Drangedal, som er regulert til industriføremål. Området ligg i relativt tettbygd og sentrumsnært strok. Tiltaket skal òg handsamast etter plan- og bygningslova med varsling av m.a. naboar.

Det vert i løyvet stilt krav om at alt avfall skal lagrast i containere, under tak eller på fast dekke. Lagerhaugane skal ikkje vere høgare enn takhøgda på bygningane på industriområdet.

Som ein integrera del av den kommunale innsamlingsordninga for spesialavfall vert det tillete mottak og lagring av spesialavfall i godkjent spesialavfallcontainer. I tilfelle det skal etablerast eit særskilt mottak av spesialavfall utover denne ordninga må det søkjast om løyve for dette.


Det er sett vilkår om driftstider ved ordinær drift.

Med dei vilkåra som er sett til etablering og drift reknar Fylkesmannen med at verksemda ikkje vil skape ulemper for bustader i nabolaget eller andre industriverksemder på området.

#### **Klageadgang:**

Dette løyvet kan i samsvar med forureiningslova § 85 påklagast til Statens forureiningstilsyn innan tre veker. Grunngeven klage skal sendast via Fylkesmannen. Ein syner elles til forvaltningslova § 27, 3. ledd, jfr. §§ 29, 32, 36 og 42.

Med helsing

  
Solveig Sollie


  
Arne Malme  
avdelingsdirektør

Vedlegg:

- Vedlegg 1: Vilkår for etablering og drift
- Vedlegg 2; Generelle vilkår

Kopi med vedlegg: - Drangedal kommune, 3750 Drangedal  
- Statens forureiningstilsyn, Postb. 8100, Dep. 0032 Oslo

Sakshandsamar: Avd. ing. Øystein Akselberg, tlf. 35 58 61 66



**Vedlegg 1:**  
**Vedlegg til løyve gitt av Fylkesmannen i Telemark**

**VILKÅR FOR ETABLERING OG DRIFT**

**Miljøstasjon for avfall  
Stemmen industriområde  
Drangedal kommune**

**Dato: 15 APR. 1999**

**INNHALD:**

- |                                   |      |
|-----------------------------------|------|
| 1. Utforming av anlegget.....     | s. 2 |
| 2. Avfallstypar og mengder.....   | s. 2 |
| 3. Driftstilhøve.....             | s. 3 |
| 4. Påverknad av omgjevnadane..... | s. 4 |
| 5. Rapportering og kontroll.....  | s. 4 |
| 6. Avslutning av drifta.....      | s. 4 |

11



## 1. Utforming av anlegget

Anlegget skal byggjast som eit rampesorteringsanlegg for mottak og sortering av ekstraavfall og sortert avfall frå hushaldningar og enkelte mindre verksemder. Anlegget skal utformast som omtala i søknad med kartvedlegg, datert 26.10.98.

## 2. Avfallstypar og mengder

Anlegget skal i hovudsak vere eit anlegg for mottak av ekstraavfall og sortert avfall frå hushaldningar og mindre verksemder. Anlegget kan motta og handtere følgjande innafor ei ramme på 350 tonn ekstraavfall pr. år:

### A. Ekstraavfall frå hushaldningar

### B. Grovsortert materiale:

- Plast/gummi
- Metall
- Papir og papp
- Glas
- Trevirke
- Kuldemøblar
- EE-avfall
- Hage- og parkavfall
- Byggje- og rivningsavfall
- Restavfall


Utan særskilte løyve eller godkjenningar kan verksemda ikkje ta i mot eller handtere følgjande avfallstypar:

- Spesialavfall som ikkje inngår i den kommunale innsamlingsordninga
- Smitte- og risikoavfall
- Våtorganisk avfall/ matavfall
- Blanda hushaldningsavfall
- Septikslam/ kloakkslam

Om verksemda har særskilt løyve eller godkjenning til å ta i mot og handtere ovanforne avfallstypar, skal ein handtere dette avfallet separat frå anna avfall.

Om det vert oppdaga ulovleg avfall ved anlegget, skal ein snarast returnere dette til kunden eller levere dette vidare til anna godkjent mottak for slikt avfall.

Når det gjeld spesialavfall ser Fylkesmannen det som føremålstenleg at det vert plassert ein standard spesialavfallscontainer på miljøstasjonen. Mottaket av spesialavfall skal innpassast i det allereie eksisterande kommunale systemet for mottak av spesialavfall.



## **3. Driftstilhøve**

### **3.1 Driftstid**

Det vert tillate drift ved verksemda på kvardagar frå kl. 07.00 til kl. 18.00, samt laurdagar frå kl. 08.00 til kl. 15.00. Drift vert normalt ikkje tillate på sundagar, offentlege heilagdagane eller høgtidsdagane. Innafor desse tidsrammene kan ein fastsetje opningstider for levering frå publikum.

Med drift reknar ein òg all handtering av containere, omlasting, opplasting, kverning av avfall, eller anna aktivitet som skapar støy og støv.

### **3.2 Betjening**

Anlegget skal vere betjent ved alt mottak av avfall og grovsortert materiale.

### **3.3 Informasjon**

Alle brukarar/ kundar ved anlegget skal informerast om kva for typar avfall som kan leverast og kva for typar som ikkje kan leverast, samt om moglege reaksjonar ved avvik. Det må såleis setjast opp eit orienteringsskilt ved innkøyringa og vere tydeleg merking ved dei ulike containerane. Det bør i tillegg gjevast jamnleg informasjon om ordninga til hustandar og verksemdar i området.

### **3.4 Avfallsregistrering**

Alt avfall som vert motteke og ført ut av anlegget skal registrerast. I driftsjournalen skal ein registrere kva slags og kva for mengder avfall som vert motteke. Ein skal registrere mengder, materiale og mottakar for utsorterte materialer.

### **3.5 Sortering**

Innkome avfall skal sorterast slik at attvinninga vert størst mogeleg. Som eit minimum skal ein sortere frå følgjande materialer:

- metall
- papp/papir
- attvinnbar plast
- trevirke
- glas
- restavfall


Dei utsorterte avfallsfraksjonane skal leverast til godkjente ordningar.

### **3.6 Mellomlagring av avfall og utsorterte materialer**

Mellomlagring av avfall som kan medføre lukt vert tillate i maksimalt 3 dagar.

All lagring av usortert avfall og restavfall skal skje i tett container eller under tak på tett flate.

Utandørs handtering og lagring av avfall og sortert materiale skal skjermast mest mogleg mot innsyn. Lagerhaugene skal ikkje vere høgare enn takhøgda på bygningane på industriområdet. Alle lager/mellomlager for sortert materiale skal tømast heilt minst ein gong pr. år.



### **3.7 Rutinemessig opprydding**

Skjemmande avfall som oppstår på anlegget eller i nærområda som følgje av verksemda skal ryddast bort etter faste rutiner.

### **3.8 Vassforsyning**

Anlegget skal ha tilgang på vatn for brannsløkking, reinhald og for dei tilsette.

### **3.9 Inngjerding**

Anlegget skal vere inngjerda og haldast låst når anlegget ikkje er betjent.

## **4. Påverknad av omgjevnadane**

Vatn frå drenering av faste dekker (tette flater) kan leiast til terreng. Sanitært avløpsvatn skal førast til kommunalt avløpsnett.

Ved eventuell etablering av vaskeplass for bilar og anna utstyr skal avløpsvatnet frå denne delen forbehandlast i sandfang og førast via ein oljeutskiljar som er dimensjonert og utforma i samsvar med føresegner om utslepp av oljehaldig avløpsvatn og om bruk og merking av vask- og avfettingsmiddel.

Støy fra verksemda skal ikkje overskride grenseverdiene gjevne i «Retningslinjer for begrensning av støy fra industri mv.» TA-506, mars 1985, Statens forurensningstilsyn. Ved måling av støy frå verksemda skal de same retningslinjer følgjast.

## **5. Rapportering og kontroll**

Følgjande skal vere utarbeidd for verksemda:

- Driftsplan med tilhøyrande driftsinstruks for anlegget.
- Beredskapsplan
- HMS-system

Det skal førast driftsjournal.

Det skal vidare utarbeidast årsmelding for verksemda. Årsmeldinga skal oversendast til Fylkesmannen før 1.mars påfølgjande år. Årsmeldinga skal vere ei sammenstilling av data frå driftsjournalen og elles gje ein dokumentasjon/ status for drifta ved anlegget. Eventuelle avvik frå normal drift skal og gå fram av årsmeldinga.

## **6. Avslutning av drifta**

Ved opphør og stenging av verksemda skal ein rydde opp i naudsynt utstrekning. Alt avfall og utsorterte materialer skal fjernast frå anlegget.



## Vedlegg 2: Vedlegg til løyve gitt av Fylkesmannen i Telemark

# GENERELLE VILKÅR

### Ansvar

Konsesjonseigar er ansvarleg for at anlegget vert drive i samsvar med løyvet. Brot på krava er straffbart etter forureiningslova kap. 10.

Dette løyve frittek ikkje søkjaren for innhenting av naudsynte løyver for andre delar av verksemda, som til dømes for arbeidsmiljø, brann- og eksplosjonsvern mv. Løyvet frittek ikkje anleggseigar for erstatningsansvar etter vanlege erstatningsreglar, jfr. forureiningslova § 10, andre ledd.

Endringar som anleggseigar ønskjer å gjera i høve til løyvet må godkjennast av Fylkesmannen.

### Forureiningsgebyr

Dersom fastsette fristar vert oversitte kan Fylkesmannen fastsette forureiningsgebyr for å sikre at tiltaka vert gjennomført som forutsett i løyvet, jfr. forureiningslova § 73.

### Juridisk verkeområde, forandring av vilkår, tilbaketrekking av løyve

Løyvet er underordna forureiningslova, og er ellers overordna nasjonale og regionale forskrifter, retningslinjer og veiledningar, med mindre noko anna ikkje er angjeve i løyvet.

I medhald av forureiningslova § 18, kan Fylkesmannen oppheve eller forandre vilkåra i løyvet eller fastsette nye vilkår, og om naudsynt trekkje løyvet attende. I alle tilfelle kan løyvet trekkjast attende eller forandrast når det er gått 10 år frå løyvet blei gjeve.

### Inspeksjon

Den som har fått løyvet pliktar å la representantar frå forureiningsmyndigheitene inspisere anlegget til ein kvar tid, jfr. forureiningslova § 50.

C

C